

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum

Emne: *Drukk <sup>maten til</sup> tilkvardags*Bygdelag: Bjørsøt-  
grønda.

Oppskr. av: Olav Furuset.

Gard:

(adresse): Jømna st.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Delvis.*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. I gamal tid brukte ein ikkje så mye nysilt mjølk som ein nå gjer. Paula Bråten fortalde frå Bromka i 1896 at tenarane fekk berre skumma mjølk til maten. Dei måla ein brukte mjølk attåt var førdugurd, eftasverd og kveldsverd. Til det siste i brødsoll eller til graut.

Hos fatigfolk var det gjerne kleint med mjølk, og i 1880 åra bytta born i Våler til seg i pott skumma mjølk for ein pott tytebær på garda. i-

Ein kan trygt seie at bruken av mjølk har auka muneleg dei siste 20 åra.

2. Serleg om sumaren brukte ein mye mjølk som leskedrykk utan at ein åt attåt. Helst vart ho da brukt som surmjølk.

3. Ove Lømo fortel i sine eridringer fra Jømna i 1860 åra at på kvar gard gjømte dei opp mjølk på ettervinteren og våren for å bruke sumarstida når krøttera var på setra. Dei slo mjølka i sær som stod i kjellaren. Mjølka vart da og kalt kjellarmjølk.

Like til det siste har tettemjølk vore ein vel omtykt drykk sumarstid. I dei siste år har likevel tette-  
mjølk vorte meir sjeldan.

Når dei gjorde tettemjølk silte dei helmjølk på tette. Tette var ein skvett mjølk som inneheldt denne bakteriekulturen. Hadde ein ikkje sjøl var det vanleg å låne av grannen. Somme gjømte tetta på det viset at dei dyppa leretsklutar i tettemjølk som dei sia tørka og gjømte. <sup>sur</sup>

Somme blanda vaten i mjølka. Det vart kalt mjølkeblende. Det blir ikkje brukt nå.

Øl.

Øl har ikkje vore brukt som kvardagsdrykk i den tid folk kan minnes attende. Hos somme har det vore brukt som leskedrykk i slåttonna.

Kaffi.

Jon Hornbergsenga, f. 182<sup>9</sup>, kunne hugse den ~~første~~



første tid dei brukte kaffi på Hornbergsenga i Bjørset grenda. Dei hadde enda vore så blugne for å syne det fram for framand folk. Kom det noen gjømte dei kaffikjelen.

I den første tida fekk dei berre kjøpt ubrendt kaffi. Ragnhild Sjøberg, f 1840, fortalde om ei kone som vart bedt om å koke kaffi til noen skogsbaser medan dei var ein tur bortom ei drift. Da kara kom att klaga kona over at kaffien vart like blank kor mye ho kokte han. Da fortalde dei at ho måtte brenne han først. Det var noe ho ikkje hadde greie på.

6. Kaffi vart kvardagsdrykk for omlag hundre år sia. Men den første tida drakk ein kaffi berre to gonger for dagen, morgon og kveld.

7. Nå er det vanleg å drikke kaffi før kvar økt. Altså 3 gonger for dagen. På dei fleste gardar i Bjørsetgrenda er det ennå skikk å gå ut til arbeidsfolket med kaffi og kaker eller smørbrød ein gong midt i kvar økt. På store gardar blir denne skikken sjeldan brukt nå. Som ein ser blir det kaffi frå 3 til 6 gonger for dagen.

8. Kaffien vart kokt på fleire måter. Ein kunne ha mole kaffi på kjelen der det var kaldt vatn. Ein kunne og gi vatnet ein oppkok før kaffien kom på. I begge fall skulle vatnet koke etter at kaffien var komen på. Begge desse måtane er dei to mest brukte nå.

Dei trakta kaffien og. Da tømte ein den molne kaffien på kannen først, og helte kokande vatn over. Sia fekk han stå ei stund og trekke seg istaden for å koke.

Somme kokte klaring på kaffigrut og heldte over den nymolne kaffien som så fekk stå ei stund å trekke seg.

Fiskeskinn vart brukt som klareskinn.

Somme spadde i kaffigrut. Til morro er det ein del brukt ennå. Ein kvelva koppen på skåla, og spadde etter dei mønster gruten laga der.

9. I Håberget i Elverom bruker dei ennå heimkokt sukker til kaffien. Det var det vanlege til for ein 25 år sia.

Nå har rafinaden snart heilt teke plassen.

10. Ein bruker helst fløte i kaffien.

Te.

11. Te blir ikkje brukt som kvardagsdrykk av svert mange. Før hundreårskifte var salvierte mye brukt. Salvie var ein vanleg hagevekst til den tid. Ein skar plantene ned i september, og batt dei opp i bunter som ein tørka ved muren. Ein kokte blada noen minutter, og silte teen opp i kopper. Dei brukte sukker og fløte attåt.

Blar av solbær og tytebær har vore ein del brukt til te.

12. Brennevin kunne ein gje arbeidskara i tryskinga t.d. Far kunne hugse det frå ~~xxx~~ han var smågutt. (F. 1883).

13. Kjøpøl, vørterøl, selters, brus o.l. er ikkje kvardags drikk.

Mysmordrekke, av surprim og kaldvatn, har vore ein vel omtykt leskedrykk i onners tid. Mange bruker ennå å ha med seg mysmordrekke når dei hogger ved eller tømmer sumarstida.